

14/2127

11-August-2014

Hjelmåsen as, v/ Geir Styve
Hjelmåsen 37
5915 Hjelmås

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
11. 08. 2014	
Ark. saksnr	Løpenr
Saksh.	Tilgangskode

Lindås kommune, postmottak

Hjelmås 7/8/2014

Kommentarar vedr. Apalen Sør / Reguleringsplan på høyring

Vi er positive

Først av alt så skal det seiast at vi i Hjelmåsen as er positive til tiltaket Apalen Sør, og vil samarbeide med dei på beste måte, til felles nytte og utvikling.

Forventning om lik kommunal handsaming mellom felta Helleåsen og Apalen Sør

Vi tar for gitt at Rådmannen gjennom reguleringsplan/utbyggingsavtale automatisk stiller utbyggjarane likt når det gjeld alle forhold i kommunal samanheng som kan samanliknast – eksempelvis kostnad til felles septik – utan at vi treng nemne alle detaljar på dette no.

Rekkefølgekrav om fortau langs Fv 391.

Vi har gjennom lang tid arbeidd med saka, og gjort fleire framlegg om alternative løysingar og revurderingar i høve til rekkefølgekrav om fortau. Dette fordi det her snakk om store naturinngrep og store kostnader. I tillegg meiner vi stadig at vårt felt er belasta mykje strengare/tyngre enn tilsvarande felt (Eksempelvis Hellesneset, Hillesvåg Nord, Dyrhovden, Rydlansvåg). Vi har som kjent hatt ein lengre saksgang på dette, utan å nå fram i særleg grad. Denne enda opp med ei mindre reguleringsendring i fjor, og deretter underskriven utbyggingsavtale.

Vi unner Apalen Sør å få byggje like mange einingar som oss før rekkefølgekravet slår inn, slik som dei har planlagt. Men – slik vi har forstått dette gjennom vår saksgang - så har Vegvesenet heile tida sett på det antalet einingar vi fekk tildelt før rekkefølgekravet slår inn, som det maksimale dei av trafikk sikringsomsyn kan tillate. Kommunen har derimot hatt som utgangspunkt å rekne ut kva «økonomisk toleevne» feltet vårt har for å betale ekstra krav frå storsamfunnet, i tillegg til våre interne utbyggingskostnader og ordinære skattar og avgifter. Same logikk har Rådmannen nytta i høve til tenking omkring Apalen Sør.

Vi ser difor mulig motstrid mellom kommune og Vegvesen når Rådmannen tilsynelatande «har lova» Apalen Sør ei lik ordning som for Helleåsen, på fylkesveg som kommunen ikkje rår over. Vi vil berre for ordens skuld påpeike at vi vil forholde oss til vår inngåtte utbyggingsavtale når det gjeld rekkefølgekrava, dersom Vegvesenet skulle gå i mot Apalen Sør sine ynskje vedrørende rekkefølgekrav til fortau. Grunnen til dette er naturlegvis at vi er i gang med utbygginga, har brukt fleire millionar kroner på infrastruktur til no, og at vår finansieringsplan er fastlagt.

8/8-2014
[Handwritten signature]